



Arkivsaknr: 2026/665-2
Sakshandsamar: Truls Morten Kaland
Avdeling: Økonomi

SAKSFRAMLEGG

Økonomiske handlingsregler

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	10.09.2026
	Kommunestyret	24.09.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret fastsette følgjande økonomiske måltal i framtidig revidert økonomireglement:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter vert fastsett til 1,75%
- Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter vert fastsett til 90%
- Disposjonsfond justert for premieavvik i % av brutto driftsutgifter vert fastsett til 7,5%

Bruk av konsesjonskraftgevinst, jf sak 100/2016, skal ikkje nyttast i budsjettåret gevinsten kjem.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Økonomireglement skal reviderast, og det vil kome ei samla sak om nytt økonomireglement på hausten 2026. I dagens reglement er det fastsett kva som er kommunens finansielle måltal, men måltala er ikkje fastsett. I dagens reglement skal dei finansielle måltala vedtakast kvar år i samband med budsjetthandsaminga.

I denne saka vil Kommunedirektøren foreslå måltal og nivå på måltal som skal inngå i nytt revidert økonomireglement.

I saka vil Kommunedirektøren også foreslå endring i bruk av handlingsregel knytt til sal av konsesjonskraft.

Saksopplysninger

Sak med framlegg til måltal har vore lagt fram for drøfting i Formannsskap 02.06.2026. I saka vart det lagt opp til drøftingar knytt til Netto driftsresultat, Netto lånegjeld og Disposisjonsfond. I møte kom det innspill om at gjeldsbelastning/rentebelastning ifht driftsinntekter bør vurderast i arbeidet med vurdering av økonomiske måltal. I tillegg kom det ønske om meir informasjon om unytta lånemidler og disponibelt på disposisjonsfond.

Informasjonsbehovet knytt til unytta lånemidler og disponible midler på disposisjonsfond, inkludert bindingar, vil verte dekkja gjennom rapportering og budsjettprosessar.

Gjeldsbelastning/rentebelastning ifht driftsinntekter meiner administrasjonen vil verte dekkja gjennom dei foreslåtte måltala.

Kommuneloven § 14-1 har grunnleggjande krav til at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen vert ivaretatt over tid. I § 14-2 fastslår at finansielle måltal skal vedtakast. I Vaksdal kommune sitt økonomireglement er det fastsett følgjande måltal:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

Resultat 2025 viser følgjande økonomiske måltal:

Måltal 2025	Budsjett	Rekneskap
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,75 %	-1,0 %
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter *)	83,5 %	77,6 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	10,0 %	25,6 %
*) Budsjettert er "på nivå med landssnittet". Resultat for landet samla vart 83,5%		

Vaksdal kommune har ein robust økonomi, som kjem av gode resultat tidlegare år. I økonomiplan 2026-2029 er det lagt opp til negativt netto driftsresultat og auka låneopptak. Samla vil dette medføre ei stor endring i utvikling i dei finansielle måltala.

	2025	Budsjett og økonomiplan 2026-2029			
		2026	2027	2028	2029
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	-1,0 %	-0,9 %	-1,9 %	-3,1 %	-3,4 %
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	78 %	83 %	90 %	97 %	103 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	25,6 %	25,3 %	23,2 %	19,8 %	16,0 %

Det vert foreslått at dei økonomiske måltala for kommunen i hovudsak vert vidareført. Det vert foreslått at «Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter» vert endra til «Disposisjonsfond justert for premieavvik i % av brutto driftsutgifter».

Måltala for netto driftsresultat, disposisjonsfond og netto gjeld må vurderast samla, fordi dei alle seier noko om kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Dei fangar til saman opp tre viktige sider ved ein berekraftig kommuneøkonomi og bidreg til stabil tenesteproduksjon på lang sikt.

- **Netto driftsresultat** viser om løpande inntekter og utgifter er i balanse, og om det er rom til å finansiere nødvendige, langsiktige investeringar. Eit høgt netto driftsresultat gjer det lettare å tole inntektsfall og auka utgifter. Kommunen kan då ha eit lågare disposisjonsfond og, alt anna likt, handtere meir gjeld.
- **Disposisjonsfond** er ein buffer for å handtere svingingar og mellombelse økonomiske sjokk, utan at kommunen må redusere tenestene, unnlate investeringar eller finansiere drift med lån. Eit stort disposisjonsfond kan òg redusere behovet for eit høgt driftsresultat på kort sikt og gjere høgare gjeld meir handterleg.
- **Netto gjeld** viser kor stor del av investeringane som er lånefinansierte. Høg gjeld kan gi større sårbarheit for rente- og kostnadsendringar og dermed utfordre eit stabilt tenestetilbod. Låg netto gjeld gir lågare renterisiko og mindre sårbarheit, og reduserer behovet for store fond og høge driftsresultat.

Foreslått nivå på måltala:

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter:

Netto driftsresultat må i det lange løp vere positivt, og anbefalte nivå for kommunar er 1,75%.

Eit alternativ er å ha eit måltal som betre viser den løpande drifta. I tillegg til løpande driftsinntekter og -kostnader har også kommunen tilskot som skal nyttast over fleire år. Måltalet kan justerast for inntekter som vert avsett til bundne fond, og driftskostnader som vert finansiert med tidlegare avsette fondsmidler.

Administrasjonen vurderer at det tradisjonelle måltalet med netto driftsresultat i % av driftsinntekter er eit godt - og dekkande - måltal ved budsjettering av framtidige budsjett.

Administrasjonen foreslår å følgje anbefalt nivå for kommuner, som er 1,75%.

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter:

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld i konsernet, ekskludert pensjonsforpliktingar, fråtrukne utlån og ubrukne lånemidler.

I 2025 var netto lånegjeld i av brutto driftsinntekter 77,6%, mot eit landssnitt på 83,5%. Lånegjelda er såleis låg samanlikna med andre, men det er 188,2 mill i unytta lånemidler som inngår i måltalet. Unytta lånemidler er midler der det er gjort årlege låneopptak i samsvar med budsjettvedtaket medan det er forseinkingar i framdrift på investeringar. Midlene er plassert på renteberande konto.

I økonomiplanen er det lagt opp til auke i låneopptak som vil medføre at renter og avdrag vil auke i perioden, av dette er 47 mill innanfor sjølvkost, som vert finansiert ved auka kommunale avgifter. Dersom unytta lånemidler vert nytta vert det reduksjon i renteinntekter. Samla er det stor økonomisk risiko knytt til den renteberande gjelda.

Administrasjonen vurderer at det økonomiske måtalet i økonomiplanperioden ikkje bør verte høgare enn 90%. Dette vil innebere auke ut frå oppnådd i 2025, men samstundes redusert investeringstakt mot slutten av økonomiplanperioden.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter:

Vaksdal kommune har eit stort disposisjonsfond, som er opparbeidd ved gode resultat som følge av sal av konsesjonskraft og oppsamla premieavvik. Ser vi bort frå samla premieavvik er disposisjonsfondet omlag 11,6% av brutto driftsinntekter. Dette er rekna som eit bra nivå på disposisjonsfondet, sett mot brutto driftsinntekter. Eit alternativ er å måle disposisjonsfond justert for premieavvik, slik at det reelle disposisjonsfondet viser. I økonomiplanperioden 2026-2029 vil disposisjonsfond justert for premieavvik vere som vist under:

	2025	2026	2027	2028	2029
Disposisjonsfond justert for premieavvik i % av brutto driftsinntekter	11,6 %	10,6 %	8,4 %	4,9 %	1,0 %

Administrasjonen si vurdering er at måtalet kan vere justert for premieavvik, då dette gir eit betre bilete på det reelle økonomiske handlingsrommet.

Kommunen har store inntekter frå kraft, men dette er også inntekter som varierer mykje. I økonomiplanperioden 2026-2029 er det lagt til grunn om lag 29 mill i netto inntekt frå sal av konsesjonskraft. Disposisjonsfondet må vere stort nok til å dekke betydeleg reduksjon i denne inntekta, slik at drifta kan justerast utan å bruke opp disponible midler. Eit måltal i intervallet 5-10% vil krevje eit disposisjonsfond justert for premieavvik tilsvarande intervallet 27-54 mill i 2029.

Administrasjonen meiner at måtalet bør endrast til «Disposisjonsfond justert for premieavvik i % av brutto driftsutgifter», og at eit nivå på 7,5% vere rett når vi ser på omfanget av inntekter som ikkje kjem frå skatt og rammetilskot.

Bruk av konsesjonskraftgevinst i årsbudsjettet:

I sak 100/2016 vart det gjort følgjande vedtak: «*Ved gevinst ved sal av konsesjonskraft vert 2/3 av gevinsten overført frå drift til investering og 1/3 av gevinsten vert sett av til disposisjonsfond.*»

Bakgrunnen for saka var at det i planperioden 2017-2020 ikkje var budsjettert med konsesjonskraftgevinst i framlegget til rådmannen. Rådmannen vart beden om ei sak der

det vart drøfta moglegheiter og utfordringar med å halda gevinsten utanom årsbudsjetta i ei framtid med eventuelt gevinst.

I 2025 var netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter på -1,0%. I budsjett 2026 er dette -0,9% og dette endrar seg til -3,4% i 2029. I brutto driftsinntekter inngår alle driftsinntekter til kommunen, noko som inneber at konsesjonskraftgevinsten ikkje kjem «på topp», men går inn dekker den årlege drifta. Administrasjonen meiner at førsetnadene for denne handlingsregelen dermed ikkje er tilstades.

Eit overskot, uavhengig av om dette kjem frå sal av konsesjonskraft eller øvrige inntekter, vert disponert gjennom årsavslutninga.

Bruk av og avsetning til bundne fond er styrt av lov eller forskrift, tilskuddsbrev eller avtale med stat, fylkeskommune eller annan giver. Midlene kan berre brukast til det oppgitte føremålet. Kommunen skal setje av til bunde fond når inntekta er motteken, men ikkje kan brukast i same rekneskapsåret. Fondet skal brukast når utgifter til føremålet kjem.

Bruk av og avsetning til ubunde fond (disposisjonsfond) og overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen skal avgjerast av Kommunestyret. Administrasjonen meiner at handlingsregelen best vert ivaretatt ved at det vert budsjettert med overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen ved tidlegare oppsparte midler.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår i denne saka konkrete måltal som skal innarbeidast i revidert økonomireglement. Kommunedirektøren tilrår også at bruk av konsesjonskraftavgift ikkje vert budsjettert inn i drifta i same budsjettår.